

## **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 18.03.2015**

**Pål Kårbø** stilte spørsmål til Gustav Bahus sin habilitet som medlem av Os kommunestyre der denne saka har vore handsama.

Gustav Bahus gjekk frå møte når spørsmålet om habilitet vart drøfta. Alf Helge Greaker tok over leiarvervet.

Utvalet fann samråystes at Gustav Bahus er habil.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1, 3, 4, 5 og 2. setning i pkt 6 vart samråystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 2 fekk 7 røyster (A, SV, SP, KRF) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 6, 1. setning fekk 7 røyster (A, SV, SP, KRF) og fall

### **Innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert innarbeida i planforsлага korleis utbygginga på Bjånes kan legge til rette for at ny persontrafikk skal skje ved gange, sykkel eller kollektivtransport.
2. Hordaland fylkeskommune tilrår at det vert lagt til grunn for planlegginga at det ikkje vil vere aktuelt å køyre buss inn i området frå Bjåneskrysset (vest) som skal snu og returnera same veg, og at det vert regulert inn effektive og attraktive gang-/snarvegar frå byggeområda til busstopp på Fv 522.
3. Hordaland fylkeskommune tilrår at eit nærsenter på Bjånes vært utgreia i områdereguleringsplanen. Nærcenteret må vurderast i høve til befolkningsomland og i høve til senterstrukturen i kommunen. Planen må konkretiserast når det gjeld handel, tenester, kollektivtransport og kvalitetar.
4. Hordaland fylkeskommune tilrår at det i den vidare reguleringsprosessen av Bjåneshalvøya vert sett nærmere på om areal til ny skule kan flyttast til senterområdet.
5. Leikeplassar og uteoppahaldsareal må sikrast i reguleringsplanane og vere i tråd med kommunen sine overordna krav.